

Opprusting av tursti langs Vikaelva

Stryn kommune er i gang med å ruste opp turstien på austsida av Vikaelva mellom Tonningsøyra og Hydla. Opprustninga av denne gamle setrevegen som no er statleg sikra vil gå stegvis fram.

I 2017 avslutta vi arbeidet med å erstatte den falleferdige Hynnelsbru med ei ny bru.

I 2018 har vi sikra eit parti mot elvekant ovafor Kleiva og utbetra stien på blaute parti. I 2018 står det igjen å merke stien og å utarbeide stor informasjonstavle om turalternativa i området, plassert på Tonningøyra, i tillegg til to infotavler om kulturminne ved Hynnelsbru og Litjekloppa.

I 2018 eller 2019 håpar vi å få på plass Dagsturhytta som ligg kloss inntil stien litt nedanfor Litjekloppa.

Den omfattande tilrettelegginga for barn og unge som dette vil bli, gjer at vi må forby bruk av sykkel mellom Hynnelsbru og Sandbakk. Sykkel i stor fart nedover er eit altfor stort faremoment for spesielt mindreårige i dette kuperte terrenget. Alternativ trase for syklande går langs kraftgate og skogsvegar på vestsida av Vikaelva.

Turen din kan starte på Tonningsøyra eller på Tonningkamben, og du kan gå langs sti heilt fram til Hogden, Ullsheim eller Gulkoppen.

Nokre bilde frå turen:



Tonningøyra med høve til bading og kanopadling.

Turstien går opp langs elvekanten på Vikaelva til Vikavegen og vidare opp langs elva til Sandbakk aktivitetsområde.



Sandbakk aktivitetsområde

Stien følgjer vidare oppover ein skogsveg som etterkvart går over i tursti.



Nyebruna vart ho kalla bruha på Hool då ho var ferdig restaurert hausten 2004. Arbeidet vart utført av Sandbakk og Øyrane vel-forening.




Etter at den opprøtna Hynnelsbrau var restaurert stod det igjen eitt farefullt parti på grunn av elva. Det var dette området ovafor Kleiva.
No kan du gå trygt.



Og tørrskodd.



Falleferdig Hynnelsbru slik ho såg ut fram til 2016.



....med djuvet under.



Men i dag går du trygt.

God tur!